

## Rudland – Roland (gnr. 125)

Rudland: Gardnamn som her sikkert tyder rudningsland. Ein har døme på at namnet er skrivne Rudland både i år 1330, i 1577 og i 1668. Overgangen i talemålet frå Rudland til Roland fall truleg lett og naturleg.

Det er i eit diplom av 1330 ein finn garden Rudland i Fåberg nemnt. Frå 1574-77 har ein eit døme på at namnet er skrivne på den mest ukjennelege måten Ralanden, men det viser seg likevel å vera Roland. Garden eller ein del av garden var da vorte kyrkjegods og låg med ei landskuld på ½ hud til Fåberg prestebolig. Det at Roland var vorte prestegods, førde elles med seg at det er lite å finne om garden i skrivne kjelder frå denne tid. Først i 1620-21 finn ein bygselbonden på Roland nemnd ved namn og han heitte da Amund Roland. Amund Roeland er og nemnd i 1645. Han betalde da den utlikna ekstraskatten ”kopskatten eller Hoffuitpengene” for seg og kona si med 18 skilling.

Tjugetre år seinare hadde det vore brukarskifte, og namnet på den nye er skrivne Hans Rulland. Vidare er det da opplyst at husdyrhaldet på garden var 2 hopper, 8 naut, 4 geiter og 6 sauer. Om den mannlege arbeidskrafta på garden er det i Mannkjønnstalet av 1665 fortalt at brukaren med fullt namn heitte Hans Amundsen Roland og var 40 år. Der er det og opplyst at den samla landskyld av garden da var 1 hud 3 skinn.

År 1668 kom den første norske matrikkelen med nemnande opplysningar om gardane. Der er gardnamnet enda skrivne Rudland, og landskylda var da anten 1 hud 3 skinn eller 2 pund 8 merker smør. Heile garden med samla landskyld låg da til Fåberg prestebol, og brukaren der, Hans Amundsen, var framleis bygselbonde eller leiglending. Om garden og gardsbruket der i den tid er det dessutan oppgitt at enga, innmarka var god, og at det var skog nok til gards bruk. Buskapen av store husdyr var da 2 hestar og 10 naut, og den årlege korntianda vart utreidd med 1 7/8 tønne, som altså svara til ei årsavling på 18-20 tønner, og truleg mest einast bygg. Vidare er det oppgitt at Roland svara toll av eiga kvern, og at garden alt da hadde seter og sommarbeite åt krøtera på ”Rychasetter”, Ruken. Når det og var ein liten humlehage der, tyder dette på at det til sine tider var framande og andre som gjerne ville ha øl til maten, t.d. presten.

Tretti år seinare var det i 1698 Amund Hansen som brukar for Fåberg-presten på Roland, og Amund fekk da tinglese bygselseddel av hr. Johan Rosing. Ein merker seg elles at landskylda da er oppgitt til 1 hud. - Tinglyst er og ei sak av 1706, men av eit heilt anna slag: Same Amund Roland hadde ein tenestkar som heitte Ole Andersen, og som da hadde innstevnt Niels Nordødegaard ”fordi han har slått ham til jorden og skjelt ham for en tyv 2 pinsedags aften”. For dette vart Niels Nordødegaard dømt til å bøte 3 sekslodd sølv, som var 9 riksdalar, og dertil 3 lodd i helligbrøde.

Tretten år etter var det brukerskifte på Roland, same sokneprest hr. Johan Rosing gav da bygselseddel til ”soldat Hans Amundsen paa prestebolsgodset Roland” da av skyld 1 hud 3 skinn. Alt eit år etter hadde elles Hans Amundsen fått andre planer, og han sa da frå seg att bygsla av Roland.

År 1723 kom det nye matrikkelframlegget med fleire opplysningar om gardane. Der er det om ”Roeland” oppgitt at garden også da var ”Faaberg Præstebol tilhørig med bøxel”. Det er vidare oppgitt at garden ligg i baklia og er tungbrukt, men jordarten var god ”for en del og tørrent for en del”. Husdyrhaldet på garden var da 3 hestar, 20 naut og 30 sauer, og den

årlege utsæd var kring 5 ½ tønne bygg og litt rug. Det var skog til brenneved og gjerdefang, seter med ”maadelig hamn” og slåtter til 2 lass høy. Høyavlinga i det heile utgjorde ca. 30 lass, og elles er det opplyst at Roland da hadde 1 husmannsplass med brukande jord. Truleg var det Rolandstugua

I 1749 var det atter ei slagsmålssak der ein av Rolandskarane var innvikla, og denne gongen var det den nye brukare Amund Roland sjølv. Saka her elles i ei utskrift av tingboka denne ordlyden:

”17.febr. 1749.

Fogden har innstevnt Amund Roland og Jon Grønlien for slagsmål. Jon Grønlien forelegges å møte til neste ting.

16.juni 1749.

Avsagt: Ifl. vidnernes forklaring om dette klammeri var Jon Grønlien den første som angrep, men Amund Roland den som fuldførte det. Retten finner derfor at de begge bør utrede de bøter som loven foreskriver, nemlig hver 4 ½ rd. = 9 rd. eller 3 sakslodd sølv.”

Etter atter 2 år hadde det i 1751 vore skifte av sokneprest i Fåberg og hr. herredspost for Gudbrandsdalens prosti Nils Stochflet gav da som beneficiarius bygselseddel til Gudbrand Gudmundsen og hustru Anne Karlsdtr. på ”husmandspladsen Rolandstuen”. Fem år seinare var prost Nils Stochflet framleis sokneprest i Fåberg. Han gav da bygselbrev til ein ny brukar, Arne Hansen, på prestbolets gård Roland av skyld 1 hud 3 skinn. Av ei sak frå året etter, altså i 1757, går det elles fram at Arne Roland som da hadde bygsla av Roland ”lader sin gaard Nordhove bruke ved en tredje person”.

Rettsmøte der Rolandskarane var med, var det og i 1760-åra Såleis hadde Arne Hansen Roland da innstemnt Ambrosius Lillehammer ”fordi han imot forbud hadde tresket korn på gården Nordhoven, som ikke tilhørte innstevnte”.

Arne Hansen som i den tid var brukar av Roland, var sikkert ein kjend mann i bygda. Han hadde i 1749 gifta seg med Anne Olsdtr., og dei mange born. Det var: 1. Hans f. 1756, 2. Ole f. 1758, 3. Ingrid f. 1761, 4. Anne f. 1764, 5. Guro f. 1767, 6. Christen f. 1771, 7. Peder f. 1775.

Frå dette siste året 1775 er og ei sak som på sin måte kastar lysstreif over tid og tilhøve. Arne Roland hadde da med seg og viste fram på tinget ”skinnet av en voksen ulv, som hans søn Hans Arnesen for nogle dag siden havde feldt”. Ein merker seg at dette var i februar, og at Hans Arnesen som felte ulven da var 19 år. På kva måte han hadde felt ulven, går ikke fram av teksta.

Arne Hansen var framleis brukar på Roland i 1787. Han gav da tinglyst bygselseddel til svigersonen sin Engebret Olsen på husmannsplassen Rolandstuen mot årleg leige 5 rd., det halve i pengar og det andre halve i sommararbeid. Om denne svigersonen Engebret veit vi elles at han var gift med Ingrid Arnesdtr. f. 1761, og at mannen Engebret forutan å vera husmann også var smed. Når det gjeld bygselseddelen som Engebret fekk i 1787, var den truleg før godkjent av sokneprest Abildgaard som beneficiarius. Det var nemleg han som i tidsrommet 1775 – 1794 var sokneprest i Fåberg. Sokneprest Martin Abildgaard var elles ein av dei prestane som døde i sitt embete her i Fåberg, og som vart gravlagd ved Fåberg-kyrkja. Gravferda hans var den 14.mars 1794.

Ulvejegeren Hans Arnesen Roland f. 1756, som var gift med Anne Marie Pedersdtr., fekk og mange born. Dei var: 1. Sidsel f.1788, 2. Arne f. 1792, død som barn, 3. Peder f. 1794, død som barn, 4. Anne f. 1787, 5. Arne f. 1801, 6. Kristine f. 1804, 7. Johanne f. 1807.

Vi har før nemnt husmannsplassen Rolandstuen. Ein annan husmannsplass under Roland var Lauvsvea. Der var det i 1792 skifte etter avdøde Jorunn Christensdtr., husmora. Ho hadde vore gift to gonger, først med Christen Lauvsveen og så med Ole Nilsen. I ekteskapet sitt med Christen hadde ho 4 barn. Dei var: 1. Christen, som ved skiftet var 36 år, 2. Sedsel, som var gift med Ole Engebretsen, 3. Kari, som var gift med Ivar Olsen, 4. Marie, som var gift med Amund Ellingsen, husmann under Iverslien i Gausdal.

I 1799 var det hr. Andreas Broch som var vorte sokneprest i Fåberg. Han gav da ny bygselseddel til Hans Arnesen på bruken av Roland, som da skulle bli enkesete. Denne bygselseddelen er eller etter utskrift sålydende:

”Roland.

Bygselseddel

Dat. 1799, febr. 14. Tgl. 1799, febr.15.

fra sogneprest til Faaberg Andreas Broch til Hans Arnesen på denne gård av skyld m.b.o.h. 1 hud 3 skind. Samme gård er utnævnt til enkesete; såfremt det blir presteenke i kaldet, må han (Hans Arnesen) ryddiggjøre denne gård til beboelse for prestenken, men i motsatt fall kan han bli her så lenge han lever. Han forplikter sig til å svare kongelige skatter og rettigheter i rett tid; skal få et voksent hornfæ for beneficiario, om han det forlanger, mot å godtgjøres 3 mark i den årlige avgift. Andreas Broch forbeholder sig og efterfølgende prester at hugge årlig i Rolands skog 2 tylfter hustømmer og 20 favner løvved.”

År 1801 kom påbødet om folketelling, og det budde da 4 familier på og/eller ved Roland. Det var:

1. familie: 1. Hans Arnesen, husbonden, 45 år, 2. Anne Maria Pedersdtr., kona hans, 34 år. 3. Sidsell, dotter deres, 12 år, 4. Anne, dotter deres, 4 år, 5. Johannes Erichsen, tenestkar, 20 år, 6. Anne Andersdtr., tenestkvinne, 26 år, 7. Sigrid Christensdtr., tenestkvinne, 22 år,
2. familie: 1. Engebret Olsen, husmann med jord, og smed, 51 år, 2. Ingrid Arnesdtr., kona hans 39 år, 3. Ole son deres, 14 år, 4. Anne, dotter deres, 19 år, 5. Martha, dotter deres, 16 år.
3. familie: 1. Ole Nilsen, husmann med jord, 65 år, 2. Berit Olsdtr., kona hans, 39 år, 3. Karen Olsdtr., dotter deres, 2 år, 4. Mari Olsdtr., ”gaar i Dagleie”, Inderste uden Jord, 49 år, 5. Mari Ellevsdtr., dotter hennar, hushjelp, 24 år. 6. Even Olsen, son til Mari Ellevsdtr. , dotter hennar, hushjelp, 24 år, 6. Even Olsen, son til Mari, utanfor ekteskap, 1 år, 7. Ole Olsen, pleiebarn, 14 år.
4. familie: 1. Ole Christensen, husmann med jord, 73 år, 2. Mari Svendsdtr., kona hans 77 år.

Om husmannsplassen Rolandsveen handlar eit dokument som etter utskrift har denne ordlyden:

”Rolandsveen.

Skjøte eller opladelseskontrakt Dat. 1805, juli 16. Tgl. juli 17.

Ole Christensen som efter tilladelse av ny og uryddet jord har oparbeidet og bebygget en husmandsplads under Roland. Rolandsveen kaldet, og som nu ikke lenger på grunn av alderdom og svakhet ser sig i stand til å fortsette denne plads` s videre opdyrkning, overlater denne plads hermed til gårdbrukeren Hans Arnesen Rolands disposisjon, imot at han derfor har betalt Ole Christensen 20 rd.

Om Hans Arnesen eller hans familie nogensinde skulde bli nødt til å overlate gården Roland til fremmede mot deres vilie, så skal han eller de ha tilbake bemeldte 20 rd.”

Det var altså ikkje alle stader og alltid det var berre strid og usemje mellom husbonden og husmannen heller. -

Litt om storleiken på gardane i den tid går fram av matrikkelframlegget for Fåberg av 1819. Der er det om Roland fortalt at buskapen av store husdyr da var 3 hestar og 20 naut, og at den årlege kornavlinga utgjorde kring 60 tønner. Vidare er det da oppgitt at det var 4 husmannsplassar under Roland.

Ved matrikuleringa i 1838 vart den gamle landskylda i huder og skinn skifta ut i ei matrikkelskyld uttrykt i skylddalar, ort og skilling, og Roland fekk da som ny skyld 8 skylddalar 2 ort 17 skilling. Det var da Arne Hansen f. 1801 som var brukar på Roland, men garden var framleis beneficert gods som låg til Fåberg prestebol.

Det skulle elles bli just Arne Hansen f. 1801 som fekk den store og gledelege oppleving å få kongeskjøtet på Roland og dermed bli ikkje berre brukar, men og eigar av garden. Dette store omskifte var i 1848, og kjøpesummen for Roland da 1500 spd.+ ei årleg jordavgift av verdi 255 spd. Samtidig gav så kjøparen Arne Hansen tinglyst føderådskontrakt til mor si, Anne Maria Pedersdtr.

Etter dette var Arne Hansen eigar og brukar av garden til i 1853. Da selde han Roland til Nils Chr. Andersen Klosbodding frå Nes på Romerike. Frå 1850-åra er elles ei tinglyst kontrakt om opparbeiding av veig for dei 3 gardane Roland, Lier og Hauklien.

I samband med folke- og jordbrukstellingane i 1865 vart det publisert fleire nyare opplysningar om gardane. Der er det om Roland oppgitt at det samla jordbruksareal av åker, eng og seterlykkjer i den tid utgjorde 328 mål, og av dette var 99 mål jord av 1. klasse. Samtidig er det vidare oppgitt at husdyrhaldet på sjølve garden Roland da var 6 hestar, 20 kyr, 10 sauer og 14 geiter, men dertil var det på husmannsplassane til Roland tilsaman 6 kyr og 9 sauer. Først på same måten var vidare den årlege utsæd på sjølve garden Roland kring 10-11 tønner korn og 12 tønner settepoteter.

År 1886 kom den lenge førebudde nye norske matrikkelen, og gardane fekk nye gards- og bruksnummer og ny matr. skyld rekna i mark og øre og slik at det var 100 øre i 1 mark. Roland i Fåberg fekk da gardsnummer 126 av samla skyld 13,80 mark, og det var da Rudolf Roland , son av Nils Chr. Andersen, som hadde overtatt garden.

Etter ajourført matrikkel i 1904 var det skjedd dei skifte at det under grn. 124 Roland var vorte 4 bruksnr. nemleg: brn. 1 Roland av skyld 7,33 mark, der da P. Kristiansen Lund var oppsitter, brn. 2 Ødegården, skyld 4,83 mark, med enke Agnethe Roland som oppsitter, brn. 3 Rolandshaugen, skyld 0,82 mark, som Mathias Simensen var eigar og brukar av, brn. 4 Rolandsstuen, også av skyld 0,82 mark, der Mathias Engebretsen var oppsitter.

Av handlar med Roland i seinare tid tek vi elles med at i 1933 var det Peder Gjøsti som hadde heimel på grn. 125, brn. 1 Roland øvre, som han da selde til Lars Mork. På brn. 2 Roland nedre hadde enkefru Agnethe Roland i mellomtida overdradd garden til sonen regimentsintendant seinare kaptein Ingvald Roland, som i 1930 skjøta garden til sonen Rudolf Roland.

Etter dette var det ved jordbruksregistreringa i 1939 framleis 4 bruksnummer under gardsnummer 125. Av dei 4 brn. var det da 3 bruk som hadde eit jordbruksareal av åker, hage og eng på meir enn 10 mål (da). Det var: a. Grn. 125, brn. 1 Roland øvre med eit jordbruksareal på ca. 75 mål, som Lars Mork var eigar og brukar av, b. brn. 2 Roland nedre, jordbruksareal ca. 75 mål, eigar og brukar Rudolf Roland, c. brn. 3 Rolandsstuen, jordbruksareal ca. 18 mål, eigar og brukar: Einar Rolandsstuen.

---

Vidare viser vi her til det som Nils Ingvald R. Roland og sonen Rudolf I. Roland ut frå sitt nære kjennskap kan fortelja om og frå Roland.

Regimentsintendant ved I.R.S, seinare kaptein N.I.R. Roland, som vil vera velkjent av mange t.d. frå Jørstadmoen, fortel m.a. om slekta si dette:

Min bestefar Nils Chr. Andersen Klosbodding fra Nes Romerike kjøpte gården Roland i 1853 av Arne Roland. Min bestefar var gift med Berte Karine f. Ødegård også fra Romerike. De hadde 12 barn og drev gården til i 1880, da min far Rudolf Nilsen overtok gården. Han var gift med Agnete Nilsdatter Østreng fra Ø. Gausdal. De hadde 7 barn: 1. Nils Kristian f. 1881, 2. Nils Ingvald f. 1883, 3. Borghild f. 1885, 4. Ingeborg f. 1888, 5. Thora f. 1890, 6. Reidar f. 1892, 7. Synnøve f. 1894

Min bestefar Nils Chr. Andersen var en flink smed. Han gjorde flere ploger og annen redskap som trenges på en gård. Simen Arnesen Gjøastuen og Mathias Rolandstuen, husmann i Lauvsveen, var begge tømmermann og var med da far bygget ny stall og fjøs i øvre Roland i begynnelsen av sin brukstid i 1881-1883. På nedre Roland blev bryggerhuset og fjøs og stall bygget i 1896. I 1897 blev bygningen revet og kjørt ned fra Roland øvre, hvor den hadde tjenestgjort som føderådshus, indtil Rudolf Roland solgte gården i 1894.

Av sermerkt inventar kan nevnes brennevinsskapet til Halvor Kløn Skvalabekk, kjøpt på auksjon etter Anton Volden.

Min far Rudolf Nilsen gikk Sogndal Folkehøiskole og vikarierte en kort tid ved Saksumdal skole. Min mor Agnete Roland gikk Nissens Pikeskole i Oslo og var guvernante hos ordfører Bernt Dahl på Balberg. Hun vikarierte også en tid som lærerinde ved Møningen småskole på Vedum.

Jer gikk ind på Underofficerskolen 1902 på Fredrikshald og ut 1905 da unionen med Sverige blev oppløst. Overtok nedre Roland den 14. april 1908. Jeg giftet meg i 1907 med Anne Othilie Bræin og har 5 barn: Rudolf f. 1908, 2. Christian f. 1910, død 1915, 3. Agnete f. 1913, 4. Elise f. 1915, 5. Christian f. 1918.

Arbeidet på gården i onnene blev i 1900 utført av hjemmeværende barn og husbondsfolkene, og det samme kan sies om 1960, altså med lite leiet hjelp.- Det var i 1900 lager av matkorn

og mjøl, kjøtt, flesk, som strakk til ny avling kom i hus. Det samme kan sies om 1960.- Kostholdet omkring 1900 var basert på hjemmeavlet mat i større utstrekning enn nå, da man så å si lever fra kremmerskuffa. I kost har det vært 10-11 stykker.

Min søn Rudolf I. Roland f. 1908 tok eksamen ved Håve Landbruksskole 1929 og har brukt gården siden 1930. Han er gift med Astrid Sørlien f. 1910, og de har hatt 9 barn, hvorav 8 lever. Det er: 1. Anne Marie f. 1934, 2. Nils Ingvald f. 1935, 3. Jonas f. 1937, 4. Randi f. 1941, 5 Steinar f. 1940 død 1942, 6. Øystein f. 1944, 7. Svein f. 1946, 8 Helge f. 1949, 9 Jan f. 1952.

Nils Chr. Andersen Roland var plaget av gikt i sine siste år, og hustruen Berte Karine var plaget av åreforkalkning den siste tid. De var begge sterkt religiøse mennesker.

Min far Rudolf og mor Agnete var begge sterkt religiøse, prektige ærlige mennesker, som bare ville andre vel.